

# Fagnotat til gruppearbeid på workshop om Regional planlegging 14.03.19

## Tema:

1. Kulturaktivitet og kulturtilbod i by og tettstad s. 1
2. Kompetanse og utdanning s. 3
3. By- og tettstadutvikling s. 5
4. Mobilitet s. 7
5. Verdiskaping, teknologi og innovasjon s. 9
6. Samarbeid om å nå felles mål s. 11
7. Klimatilpassing s. 13

## Til informasjon:

I tillegg til tema på workshop 14. mars, skal det arbeidast med følgjande tema i samband med den regionale planlegginga:

8. Miljøvennleg liv og produksjon
9. Demografisk utvikling og sentralisering
10. Ulikheiter og utanforskap
11. Kultur, idrett og frivillig innsats
12. Demokrati og medverknad
13. Tannhelse

## Fagnotat til gruppearbeid på workshop om Regional planlegging 14.03.19

### Tema: KULTURAKTIVITET OG KULTURTLBOD I BY OG TETTSTAD

#### **Status i Møre og Romsdal**

Regionar, både i Noreg og Europa, som har lukkast med å fornye og vitalisere samfunn og næringsliv, har knytt kulturutvikling saman med breie strategiar for kompetansebygging, verdiskaping og regional utvikling. Kultur er ei drivkraft for å gjere store og små lokalsamfunn attraktive for innbyggjarar og tilreisande.

#### **Mangfald og inkludering for god folkehelse**

I Møre og Romsdal er det om lag 3200 frivillige lag og organisasjonar som tek i vare og utviklar store delar av kulturlivet i fylket, både på eigenhand og i samarbeid med det profesjonelle feltet. Frivilligheita går gjennom store endringar. Den frivillige innsatsen aukar, men vilja til å ta verv og driftsoppgåver går ned. Frivillig sektor har betydeleg økonomisk verdi, nasjonalt er den uløna innsatsen berekna til 148 000 årsverk (75 mill.kroner).

Idrett og friluftsliv er viktig for mange av innbyggjarane sin livskvalitet. Barn og unge er med på organiserte aktivitetar, men det er stort fråfall i ungdomsgruppa. Av vaksne over 15 år er det berre 30% som oppfyller anbefalingane om fysisk aktivitet. Tildeling av (81 mill.kroner i 2018) spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet og friluftsliv er viktig for by- og tettstadsutvikling. Omlag halvparten av midlane går til fotballanlegg og idrettshallar og aktivitetsalar, 10,5 % går til anlegg for friluftsliv.

#### **Kultur og verdiskaping**

Kultursektoren skaper arbeidsplassar, skatteinntekter og etterspurnad frå andre aktørar, bidreg til variasjon i arbeidsmarknaden og er viktige for sysselsetjinga av menn og kvinner med høgare utdanning. Profesjonelle kunst- og kulturinstitusjonar og profesjonelle kunstnarar er viktige som produsentar og formidlarar av profesjonell kunst og kultur. Regionale kunstinstitusjonar skaper store ringverknadar i lokalsamfunnet. Til dømes er ringverknadane (lokale kjøp) av Operafestukene 11,8 millionar kroner (tal frå 2017).

Filmindustrien har stort potensiale. Møre og Romsdal er attraktivt som location for nasjonale og internasjonale produksjonar. Bransjen på Vestlandet er velfungerande, allsidig og profesjonell, men liten og sårbar. Sidan 2009 er 24 store film- og tv-produksjonar innspela i fylket. Dette gjev store ringverknadar for lokalsamfunna og har stor reklameverdi.

#### **Kulturarv og urbanisering**

Møre og Romsdal er eit fylke med stor geografisk spennvidde - kyst- og fjordlandskap, dalar og fjell – og med mange ulike kulturminne. Klimaendringar og endringar i form av urbanisering og sentralisering skaper utfordringar for kulturminneforvaltninga. Vern og utvikling av kulturminne er krevjande når store og kryssande samfunnsinteresser set historiske spor til sides. Omlegging og nedlegging av landbruket gjer at bygningar forfell, landskapet gror igjen og kulturminna blir etter kvart lite synleg. I fylket er det 1200 kulturminner og kulturmiljø av nasjonal og regional verdi.

#### **Eit relevant og representativt kulturliv for alle**

Kultursekken, Kulturrabatt for ungdom, Den kulturelle spaserstokken og eit godt bibliotektilbod bidreg til å jamne ut sosiale forskjellar i befolkninga og gir alle høve til å ta del i kulturlivet. Gjennom Kultursekken får 54 000 barn og unge i grunnskule og vidaregåande skule møte profesjonelle utøvarar med ulike kulturelle uttrykk.

For å nå det nasjonale målet om likeverdige bibliotektilbod må biblioteka utvikle seg i tråd med forventningar og behov i samfunnet. Omlag 833 600 personar besøkte biblioteka i 2017 og dei har stadig fleire arrangement. Det er utfordrande å rekruttere fagutdanna bibliotekarar og fleire har ueigna lokale. Vi låner også færre bøker enn Noreg sett under eitt per innbyggjar.

### Utfordringar fram mot 2030:

- **Rekruttering** av fagkompetanse i folkebiblioteka, til frivillige lag og organisasjonar, til skjøtsel, restaurering, tilrettelegging og dokumentasjon av materiell og immateriell kulturarv. Fylket manglar også høgare kunstfagleg utdanning.
- **Forutsigbare (økonomiske) rammevilkår** for frivillige lag og organisasjonar, kunst- og kulturinstitusjonar og – organisasjonar
- **Behov for kompetanse** i utvikling og bruk av nye tekniske løysingar i offentleg og frivillig verksemd. Mangel på kompetanse innan tradisjonelle handverksfag er ei av dei største utfordringane for å nå nasjonale mål på kulturminnefeltet
- **Synleggjering** av kulturfeltet som regional utviklingsaktør, av biblioteka som ein lærings- og debattarena og behov for tidsriktige lokale, og for å kunne konkurrere om publikum.
- **Samhandling** mellom organisasjonar/institusjonar, både frivillige, kommersielle, private og offentlege for heilskapleg utvikling. T.d. er skule, arbeidsplass, transport, nærmiljø og fritid er alle faktorar for auka aktivitetsnivå.
- **Overføring av nye arbeidsoppgåver frå staten**
- **Klimaendringar, urbanisering og sentralisering** utfordrar kulturminneforvaltinga. Fråflytting, gjengroing og forfall gjer at meir og meir kulturlandskapspleie må bli gjort på dugnad.
- **Offentlege tilskotsmidlar**, lokalt, regionalt og nasjonalt, er under press
- **Statlege forventningar** om auka andel privat finansiering for produksjon og formidling av kunst og kultur. Kunst og kultur blir i større grad sett på som næringsaktivitet.
- **Friluftsliv** har låg politisk status og det blir arbeidd lite systematisk og målretta med temaet.

### Moglegheiter fram mot 2030:

- **Utvikling av nye arbeidsmetodar og tenester for** for inkludering og mangfald i kunst- og kulturliv, rekruttering til frivillig sektor, utvikling av biblioteka som kulturinstitusjon nr. 1 og arbeid med publikumsutvikling i kunst- og kulturinstitusjonar
- **Digitale plattformer** - utvikle digitale plattformer for kompetanse, nettverk og samhandling mellom frivillig sektor, offentleg og privat sektor. Dette kan opne nye moglegheiter for innovasjon og effektivisering. Formidling av kunst, kultur og kulturarven på nye og eksisterande plattformer gjer kultur tilgjengeleg på eit heilt anna nivå enn i dag.
- **Digital dokumentasjon og dataflyt-** gjere kulturhistoriske arkiv tilgjengelege, ta i bruk nye metodar for digital dokumentasjon og formidling og utvikle brukarvenlege integrasjonsløysingar.
- **Verdiskapingspotensiale** - Teknologibaserte formidlingsplattformer endrar rammene for produksjon, formidling, konsum og økonomi. Auka bruk av kulturell og kunstnarleg kompetanse inn i ulike samfunnsområder er viktige bidrag til samfunnsutviklinga. Kulturelle næringar er også viktig for utvikling av attraktive bu- og arbeidsmarknadsregionar.
- **Film – Møre og Romsdal som lokasjon for internasjonale og nasjonale innspelningar**
- **Klimagevinstar** - det er store klimagevinstar i å ta vare på og sette i stand gamle bygg. Det vil ta over 50 år før dei samla klimagassutslippa vil bli mindre ved oppføring av nye hus enn ved oppgradering av eksisterande bygningsmasse.
- **Kompetanseheving og samarbeid** i, og mellom bibliotek, regionalt og nasjonalt, samt tverrfagleg samarbeid i biblioteksektoren.
- **Stadsutvikling** - anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, kunst- og kulturinstitusjonar, meirope bibliotek, kunst i offentleg rom er alle viktige faktorar for utvikling av gode stader. Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde kan gi eit godt grunnlag for god forvaltning av friluftslivet.
- **Betre folkehelse** gjennom tverrfagleg/tverrsektorielt samarbeid om utvikling av nye arenaar for fysisk aktivitet, meistring, tilhøyrse og som hindrar fråfall og utanforskap.
- **Forsking, innovasjon og utvikling** med utgangspunkt i kunst- og kulturinstitusjonar og kulturarven (t.d. klimaforsking), tradisjonelle handverksfag)

## Fagnotat til gruppearbeid på workshop om Regional planlegging 14.03.19

### Tema: KOMPETANSE OG UTDANNING

#### **Tema: Kompetanse og utdanning**

- 1: Utdanningsnivå
- 2: Utdanningsløp og gjennomføring
- 3: Fag- og yrkesopplæring
- 4: Kompetansebehov i offentlig og privat sektor
- 5: Entreprenørskap i utdanning

#### **Status innanfor temaet i Møre og Romsdal:**

- 1:
  - Stor variasjon i andel personar over 16 år med universitets- og høgskoleutdanning mellom kommunane i fylket
- 2:
  - Høg og aukande gjennomføring
  - Framleis markant høgare gjennomføring på studieførebuande utdanningsprogram enn på yrkesfaglige utdanningsprogram
- 3:
  - Fleire godkjente lære- og opplæringskontraktar
  - Framleis utfordringar med å skaffe nok lærekontraktar i kommunane + innan industri, maritime fag og elektrofag
  - Fagskoletilbod i Ålesund og Kristiansund
- 4:
  - Kompetansebehov i offentlig og privat sektor er i konstant endring, og det vil vere eit aukande behov for at arbeidstakarane får oppdatert sin kompetanse framover.
- 5:
  - Tett samarbeid mellom fylkeskommunen og Ungt Entreprenørskap

#### **Kunnskap om temaet – stikkord, tal og kjelder:**

- 1:
  - Volda høgast andel personar over 16 år med universitets- og høgskoleutdanning: 38,6% (2017). Lavast er Smøla og Rauma med 18%
  - Andel personar over 16 år med universitets- og høgskoleutdanning i byane i Møre og Romsdal: Molde: 37%, Ålesund: 35%, Kristiansund: 26,7%
  - Forsking viser samanheng mellom utdanningsnivå og folkehelse
- 2:
  - 9539 elevar fordelt på 23 vidaregåande skolar skoleåret 18-19
  - 54% av vg1-elevane starta på yrkesfaglege utdanningsprogram skoleåret 18-19
  - 76% gjennomført og bestått i løpet av fem år (landsgjennomsnitt: 75,2%). Målsetting i MR fram til 2019: 79%.
  - Fullført og bestått skoleåret 17-18: 87,6% (3,9% over landsgjennomsnittet)
  - 90,1% av elevane på studieførebuande utdanningsprogram fullfører og består etter fem år, mens talet for yrkesfaglig studieprogram er 63,4% (Nasjonale tal: 87,5 for studieførebuande og 60,3% for yrkesfaglige studieprogram)
  - Godt læringsmiljø, tett oppfølging, tilpassa opplæring, oppfølging i overgangar og karriererettleiing er viktige faktorar som bidrar til at elevane gjennomfører opplæringa.
  - Elevundersøkinga viser tilfredsstillande kvalitet for indikatorane meistring, støtte frå lærarane, felles reglar, læringskultur, støtte heimafrå, og fagleg utfordring. Indikatorane vurdering for læring, og elevdemokrati og medverknad viser mindre tilfredsstillande kvalitet.
  - 5% av søkarane til Bygg- og anleggsteknikk jenter og 11% av søkarane til helse- og oppvekstfag gutar. 2/3 av søkarane til studiespesialisering er jenter. Dette gjer at fire av dei vidaregåande skolane i fylket har rundt 70% jenter.
  - Skolane i Kristiansund, Molde og Ålesund har til saman 57% av alle elevane og 58% av søkarane i Møre og Romsdal sjølv om berre 36% av 16-19-åringane bur i ei av desse tre kommunane.
- 3:
  - godkjent 127 fleire lære- og opplæringskontraktar i 2018 enn i 2017
  - I 2018 fekk 72% av søkarane læreplass. Gjennomsnitt for landet var på 74,2%

- Det vart gjennomført 1662 fagprøver i 2018, av dei var 96,1% bestått (mot 93,8% i 2017)
- I MR er behovet for fleire læreplassar størst i barne- og ungdomsarbeidarfaget, helsearbeidarfaget og elektrikarfaget.

Kjelder: Fylkesstatistikk 2018, Kvalitetsmeldinga 2018, Rapport forprosjekt omstilling 2020, Årsrapport for yrkesopplæringsnemnda 2018

4:

- Om lag 32 000 sysselsette i Møre og Romsdal er over 55 år, og dei fleste av desse vil gå ut av arbeidsmarknaden i tiårs-perspektiv
- Absolutte tal på sysselsette over 55 år fordelt på nokre viktige grupper; industri (4400), helse og sosial (7200), undervisning (2700)

5:

- Deltaking i UE-program 2018: Innovasjonscamp 1351 elever, Ungdomsbedrift 388 elever, Sjef i eget liv 1772 elever

#### **Utfordringar framover i eit perspektiv fram mot 2030:**

1:

- Tilpasse utdanningsnivået i størst mogeleg grad til næringslivets behov
- Vår region har stort behov for yrkesfaglig utdanning

2:

- Oppretthalde høg gjennomføring med strammare økonomiske rammer.
- Auke digital kompetanse for å møte endringane i samfunn og arbeidsliv.
- Demografiutvikling i forhold til dagens skolestruktur
- Over 94% av budsjettet for vgs. går til løn, og strammare økonomiske rammer vil dermed måtte føre til endringar i utdanningstilbod og skolestruktur.
- Ny yrkesfaglig struktur gir tidlegare spesialisering. Det vil gi fleire yrkesfaglige klasser i fylket frå 2020, noko som gir økonomiske utfordringar.
- Fornyinga av kunnskapsløftet krev kompetanseutvikling og omstillingsevne i skolane

3:

- Etterslep etter fall i oljeprisen påverkar lærlings situasjonen innan industri, maritime fag og elektrofag
- Skaffe nok læreplassar i kommunane
- Utvikling av samarbeidet mellom lærebedrifter og skolane for å sikre best mogeleg overgang frå skole til lærebedrift og i YFF (lærebedriftundersøkinga 2018)
- Sikre god rekruttering til fagskolen
- Utvikle fagskoletilbod i tråd med næringslivet sine behov

4:

- Tilstrekkeleg tilgang på kompetanse vil vere avgjerande for utviklinga av Møre og Romsdal
- Det er vanskeleg å vite presist om framtidig kompetansebehov i offentleg og privat sektor
- Det er ikkje sannsynleg at ein kan erstatte ein for ein dei som går ut av arbeidsmarknaden i eit tiårs-perspektiv, då avgangen frå arbeidsmarknaden er høgare enn forventa tilførsel

5:

- Finansiering av ikkje lovpålagde oppgåver, som elevbedrift

#### **Moglegheiter framover i eit perspektiv fram mot 2030:**

1:

- Kan auka fokus på HMS og tryggare arbeidsplassar påverke folkehelseargumentet?

2:

- Utvikling av gode profesjonsfellesskap i skolane for å styrke kvalitetsarbeidet
- Bruke nye digitaliseringsverktøy effektivt

3:

- Formidlingsarbeid i tett samarbeid mellom skole og arbeidsliv
- Fagskolen i samanheng med kompetansereform for arbeidslivet (Livslang læring)

4:

- Betre samarbeid mellom arbeidslivet og utdanningsinstitusjonar på regionalt nivå for å møte kompetansebehovet i privat og offentleg sektor
- Behovet for oppdatering av kompetanse blant arbeidstakarane i Møre og Romsdal gir mulegheiter for utdanningsinstitusjonane i Møre og Romsdal

5:

- Entreprenørskap og innovasjon sterkare inn i skolen gjennom fagfornyinga

## Fagnotat til gruppearbeid på workshop om Regional planlegging 14.03.19

### Tema: BY- OG TETTSTADUTVIKLING

<p><b>Tema: By- og tettstadutvikling</b></p>
<p><b>Status innanfor temaet i Møre og Romsdal:</b></p> <p>Møre og Romsdal har ingen storby, men fleire små og mellomstore byar og tettstader. Det er byar og tettstader som står for størsteparten av veksten, både i folketal og arbeidsplassar.</p> <p>Dei tre største byane Ålesund, Molde og Kristiansund har sidan 2012 jobba saman med fylkeskommunen i prosjektet Byen som regional motor. Det har utløyst mange byutviklingsprosjekt som vil styrke byane sin posisjon som attraktive og meir berekraftige regionsenter.</p> <p>Tettstadprogrammet har vore ei satsing for fylkeskommunen sidan midt på 90-talet. Det har tilført kommunane kompetanse, betre plangrunnlag og utløyst investeringar til mange gater, byrom, møteplassar, sjøfrontar mm i kommunesentra.</p>
<p><b>Kunnskap om temaet – stikkord, tal og kjelder:</b></p> <p>Regional plan for attraktive byar og tettstader har rangert sentra i Møre og Romsdal som regionsenter, delregionsenter, kommunesenter og lokalsenter. Det gjev føringar for kva type funksjonar som kan etablerast på ulike nivå og korleis fylkeskommunen prioriterer bruk av pengar og arbeidsinnsats.</p> <p>I Byen som regional motor er strategien «Tre byar – trippel kraft» utarbeidd, og ligg til grunn for utvikling av Ålesund, Molde og Kristiansund – kvar for seg og saman.</p> <p>Fylkes- og kommunestatistikken inneheld det vi treng av demografiske trendar.</p> <p>Parisavtalen og FN sine berekraftsmål bør brukast som ei overordna føring i arbeidet med by- og tettstadutvikling i Møre og Romsdal. Tiltak bør vurderast i høve til korleis dei bidreg til å svare på relevante berekraftsmål.</p>
<p><b>Utfordringar framover i eit perspektiv fram mot 2030:</b></p> <p>Konkurransen om folk, arbeidsplassar og funksjonar vil ikkje bli mindre framover. Ingenting tyder på at sentraliseringa vil stoppe opp. Byar og tettstader i Møre og Romsdal konkurrerer med østlandsområdet, men kanskje særleg med landsdelsentra som Trondheim, Bergen, Stavanger og Tromsø.</p> <p>Vi får ingen drahjelp frå nasjonal politikk. Funksjonar blir samla i større sentra enn Møre og Romsdal kan tilby.</p> <p>Meir handel på nett truar dei lokale butikkane. Den handelen som er att blir samla i kjøpesentra utanfor sentrumskjerna. Kommunane må utfordrast til å, gjennom planer og praktisk politikk, samle aktivitet i sentrum. Dette gjeld ikkje berre varehandel. Kontorarbeidsplassar, offentlege kontor, og ulike typar urbane opplevingar (handel, service, restaurant, kultur etc) må også etablerast der ein har definert at sentrum skal vere – om målet er å oppnå ein berekraftig og levande tettstad. Dette krev at kommunane prioriterer, og det krev prosessar, forankring, kunnskap og lokalt eigarskap.</p> <p>Klima, miljø og berekraft: Vi må få til samordna regional planlegging for byar/tettstader og omland. Det gjeld transport, arealbruk, bustad og funksjonsfordeling.</p> <p>By- og tettstadutvikling er eit tema som famnar mange ulike sektorar, fagområde og aktørar.</p>

Regionale og statlege myndigheiter må samordne betre sin politikk overfor kommunane. Det kan gjelde vegspørsmål, kulturminne, miljøomsyn, krav til planlegging osv.

Det grøne skiftet krev at vi må vekk frå den bilbaserte planlegginga, og legge meir vekt på utvikling av kollektivtrafikk, sykkel og gange. Det betyr også at vi må leggje til rette for meir menneskevenlege byar og tettstadar som gir god livskvalitet.

**Moglegheiter framover i eit perspektiv fram mot 2030:**

Kommunane må finne sine unike kvalitetar og bygge utviklinga på desse.

Utviklingsprosjekta må vere kunnskapsbaserte og det må gjerast godt og grundig arbeid med forankring, medverknad og kommunikasjon mot innbyggjarar, næringsliv og relevante aktørar.

Byane og tettstadane bør utarbeide relevante verktøy for å definere eigen arkitekturpolitikk, t.d. byromsstrategi, formingsrettleiar, etc.

Byane og tettstadane må ta i bruk ny teknologi på ein smart måte. Nye løysingar kan gjere stadane meir attraktive, meir miljøvennlege, gjere infrastrukturen meir effektiv osv.

Mindre konkurranse om dei same funksjonane mellom byane og tettstadane. Utfylle kvarandre i kvardagsregionane i staden for å kjempe for å halde i live marginale tilbod.

Byar og tettstader i Møre og Romsdal må finne sin posisjon som noko anna enn storbyane. Kan vi bygge attraktivitet basert på korte avstandar, nærleik til natur og friluftsliv, kontakt med sjøen, trygge omgjevnader og eit verdiskapande, internasjonalt næringsliv?

## Fagnotat til gruppearbeid på workshop om Regional planlegging 14.03.19

### Tema: MOBILITET

#### Tema: **Mobilitet**

##### Status innanfor temaet i Møre og Romsdal:

God mobilitet er ein føresetnad for både økonomisk vekst og auke i velferdssamfunnet. Utvikling av det totale mobilitetstilbodet er ein nøkkel for å utvide og styrke bu- og arbeidsmarknadsregionane. Samstundes inneber transport store miljøbelastningar og stor risiko som må minimerast.

##### Kunnskap om temaet – stikkord, tal og kjelder:

Fylkeskommunen har ansvar for fylkesvegvar og kollektivtilbodet på veg og sjø. Fylkeskommunen har ansvaret for over 20 mill. kollektivreiser i året. Desse reisene fordeler seg mellom buss (11 mill. reiser), ferje (8,7 mill. reiser) og båt (670 000 reiser). 20 av 24 ferjesamband i fylket er fylkeskommunale. Dei fylkeskommunale sambanda blir trafikkert av 27 hovudfartøy, og har stoppestad på 57 ferjekaier.

Vi har 180 ulike bussruter og over 18 millionar rutekilometer som blir køyrd av 380 bussar. Det er knytt 9 terminalar og om lag 6500 haldeplasser til tilbodet. På sjø omfattar ansvaret 7 hurtigbåtar i 5 samband.

I tillegg til kollektivtransporten har fylkeskommunen ansvaret for i overkant av 3100 km veg, det vil seie om lag 47 prosent av vegnettet i fylket (totalt er det om lag 6572 km veg som er definert som europaveg, riksveg, fylkesveg eller kommunal veg i Møre og Romsdal). Det er 61 tunnelar og om lag 1100 bruer og berande konstruksjonar på det fylkeskommunale vegnettet.

Det har vore 7,5 prosent vekst i kollektivtransporten med buss frå 2015 til 2018. I same periode har det vore ein vekst på 11 prosent i tal ferjereiser. Hurtigbåt har hatt ein nedgang på 1,6 prosent i tal reisande i same periode.

Mobilappen FRAM ble lansert i juli 2017 og er nå lasta ned meir enn 92.000 gonger. Nettsida frammr.no hadde i 2018 6,5 million sidevisningar.

Bypakke Ålesund måtte gjennom ein ny prosess i den administrative arbeidsgruppa på grunn av vedtak om å legge inn Brosund-tunnelen i bypakka. Det er eit mål å få ny politisk behandling våren 2019.

I 2017 blei 7 drepne og 304 skadde i trafikken i Møre og Romsdal. Bilførarane utgjorde 57 prosent av dei skadde, bilpassasjerane 18 prosent og motorsyklistane (inkl. lett ) 11 prosent. Syklistar og fotgjengarar stod for 14 prosent til saman.

Samferdselsavdelinga har nytta 1 574 mill. kroner i 2018, fordelt på mellom anna 500 mill. kr til fylkesveg, 470 mill kr til ferje, og 377 mill. kroner til busstilbod. Budsjettet for 2019 er på 1 531 mill. kr.

For å kunne nå fylkeskommunen sitt overordna mål om 10 % reduksjon i klimautslepp innan 2020, har det blitt arbeidd med å utvikle ein ny metodikk for anbodsarbeid innan buss, båt og ferje. Miljøkrava i dei nye ferjekontraktane gjer at fylkeskommunen har ein reduksjon på om lag 36.000 tonn CO2 årleg når dei nye ferjene er i trafikk.

I 2017 blei det transportert rundt 8,5 millionar tonn med gods til og frå Møre og Romsdal, med unntak av bulktransport på sjø. Dette er ei auke på 9 prosent sidan 2012. Av dette utgjorde godstransport på veg 63 prosent, sjøtransport (ekskl. bulk) utgjør 35 prosent, medan banetransporten utgjør 2 prosent av godstransporten.

I 2012 var fordelinga 65 prosent på veg, 32 prosent via sjø, 3 prosent via banetransport. (kjelde: rapport om godstransport i Møre og Romsdal av Asplan Viak 2018).



Vi har per i dag ikkje byar med bysykkelordningar. Det er noko bildeling gjennom løysingar som nabobil.no, og GoMore.no, men dette er ikkje utbreidd (manglar tal for Møre og Romsdal foreløpig). Siste Reisevaneundersøking frå 2013/ 2014 viste at det var 1,55 personer i kvar bil i gjennomsnitt per reise nasjonalt. Ved utgangen av 2017 er bilbestanden i Møre og Romsdal i følge SSB i overkant av 163 000 personbilar, 612 bilar pr. 1000 innbyggjar.

#### Utfordringar framover i eit perspektiv fram mot 2030:

- Teknologeutvikling, og fylkeskommunen si rolle
- Endra forventningar blant befolkninga
- Krevjande fylkeskommunal økonomi- Heile fylkeskommunen må redusere driftsnivået og fleire omstillingsprosjekt er satt i gang. Dette kan virke inn på mogelegheita til å utvikle mobiliteten framover, og moglegheit for andre nye tiltak, til dømes gang- og sykkelveggar.
- Vedlikehaldsetterslep på nær 6 mrd kr på infrastruktur knytt til fylkesveg
- Uføresette hendingar som utfordrar dagens vegnett (klimaendringar)
- Prioritere tiltak
- Forretningsmodellar; korleis vere ein offentleg aktør i forkant utan å «tråkke i private aktørar sitt bed»?
- Delingsøkonomien; vil det føre til at bildeling og andre tilsvarande tenester vil «skumme fløyten»? ?
- Autonome kjøretøy og fartøy; korleis skal vi vere budd på dette, sikkerheit og tilstrekkeleg hjelp for dei som treng det mest
- Nasjonal politikk med ønske om større regionar; korleis vil distriktsregionar og små regionar greie seg saman med dei store?
- Krav om reduserte utslepp/nullutslepp i transportsektoren.
- Er naudsynt infrastruktur god nok? Til dømes ventefasilitetar, kollektivtiltak, kai-konstruksjonar osv
- Kva skjer med løyveplikta på drosje – konsekvensar for distrikta

#### Moglegheiter framover i eit perspektiv fram mot 2030:

- Forretningsmodellar som gir samarbeid mellom offentlege og private aktørar
- Ny bru-teknologi
- Nye finansieringsmoglegheiter som t.d. turistskatt/ bompengar, spleiselag med utbyggerar
- Muligheit for enklare og rimeligare utbyggingsmetodar for infrastruktur
- Ny prosess med NTP, så vi kan få inn utfordringar på fylkesvegnettet på ein annan måte enn tidligare
- Delingsøkonomien; kan den avlaste dei offentlege budsjetta ved at vi ikkje må ha kostnadskrevjande tilbod i område med lav etterspørsel
- Utnytte «vannvegen» betre når miljøvenlege løysingar for hurtigbåtar er på plass?
- Samordna bustad- og arealplanlegging; betre kollektivtilbod på tunge liner der det bur mange
- Autonome kjøretøy og fartøy der dette er godt egna, reduserte kostnader som gir rom for auka frekvens
- Ei ordning tilsvarande byvekstavtalar også for små og mellomstore byar kan gi Ålesund (og kanskje Kristiansund og Molde) eit mobilitetsløft
- Utvida ordning med «Travel like the locals», samt fleire produkt retta mot turistane våre. Kanskje «Green travels» med utvida ordningar
- Krevjande økonomisk situasjon kan utløyse kreativitet og nye løysingar, til dømes meir etterspørselsbasert transport
- Bompengar vil sannsynlegvis auke interessa og bruk av offentlege transportmiddel. Dette kan auke inntektene og betre kollektivandelar.
- Reduserte utslepp frå transportmiddel som er bestilt av fylkeskommunen
- Moglegheit for å sjå fleire transportmiddel saman for å gje god mobilitet til innbyggjarane i Møre og Romsdal.

## Fagnotat til gruppearbeid på workshop om Regional planlegging 14.03.19

### Tema: VERDISKAPING, TEKNOLOGI OG INNOVASJON

Tema: **Verdiskaping, teknologi og innovasjon**

#### Status om temaet

- Næringar knytt til havet; fiskeri, havbruk, biomarin næring, maritim og olje og gass utgjør ein stor del av verdiskapinga i Møre og Romsdal.
- Møre og Romsdal har også betydeleg verdiskaping knytt til andre næringar som reiseliv, møbel, prosessindustri og landbruk.
- Møre og Romsdal har sterke nettverk, både i verdikjeder og mellom bedrifter frå ulike næringar.
- Historia har vist at næringslivet har god evne til omstilling og nyskaping. Kriser og nedgangstider har gitt grobott for nye moglegheiter og innovative løysingar.
- Regionen har praksisnære FoU-miljø med tradisjon for å jobbe tett saman med næringslivet og offentleg sektor.
- Møre og Romsdal har eit velutvikla system for entreprenørskap, frå førstelinetenesta hoppid.no, til næringshagar, inkubatorar, kunnskapsarkar og næringsklynger.

#### Kunnskap om temaet – stikkord, tal og kjelder:

- Eksportfylket. Møre og Romsdal er eit eksportfylke, og eksport per tilsett er høgare i Møre og Romsdal enn i alle andre fylker.
- Industrifylket. 15 % av dei sysselsette i Møre og Romsdal er i dag sysselsett i industrien, det klart høgaste talet i landet.
- Aukande investering i FoU. Møre og Romsdal har tradisjonelt sett lege lågt på ulike FoU-indikatorar, men har dei siste åra styrka posisjonen. I 2016 vart det totalt brukt 1475 millionar kroner på FoU i regionen. Veksten i perioden 2011–2016, var på heile 96 % og berre Sogn og Fjordane har hatt større prosentvis vekst.
- Forsknings- og innovasjonsstrategi for næringslivet i Møre og Romsdal 2016-2020, viser dei prioriterte satsingane innanfor dette feltet i Møre og Romsdal.
- Fylkesstatistikken gir oversikt over viktige regionale utviklingstrekk
- Regionale kunnskapsgrunnlag 2018 - Norges forskningsråd – statistikk og indikatorar for FoU basert innovasjon i næringslivet

#### Utfordringar framover i eit perspektiv fram mot 2030:

- Attraktivitet. Møre og Romsdal må vere attraktiv i konkurranse om arbeidskraft, bedriftsetableringar og tilgang på kapital.
- Bærekraft. Krav om meir berekraftige løysingar vert ein stadig sterkare drivar for samfunns- og næringsutvikling.
- Kople kunnskap og fag. Mykje innovasjon skjer i skjeringspunktet mellom ulike fagområder og næringar, vi må legge til rette for desse koplingane.
- Digitalisering påverkar organisering. Det er mest fokus på mulegheitene digitalisering gir for produksjonsprosessane, men det er behov for meir kunnskap om korleis digitalisering påverkar korleis vi organiserer våre verksemdar.
- Langsiktig, grunnleggjande forskning. Møre og Romsdal må bygge opp kapasiteten og kompetansen til å drive meir langsiktig, grunnleggjande forskning relatert til dei næringsmessige konkurransefortrinna i regionen.
- Forskningsbasert innovasjon. Bedriftene i Møre og Romsdal har ei unik evne til omstilling og nyskaping tufta på erfaring. I framtida må ein bygge vidare på dette og utvikle ny og meir forskningsbasert kunnskap.

**Moglegheiter framover i eit perspektiv fram mot 2030:**

- Havrommet. Det er fleire viktige internasjonale og nasjonale strategiar og planer retta mot havrommet, og dette gir moglegheiter for det havbaserte næringslivet i Møre og Romsdal.
- Desentralisert kunnskapsinfrastruktur. Møre og Romsdal har ein desentralisert kunnskapsinfrastruktur. Høgskulane og NTNU har viktige roller i utvikling av campusane i Volda, Ålesund, Molde og Kristiansund, i tett samarbeid med næringslivet og andre FoU-miljø. Den desentraliserte kunnskapsinfrastrukturen muleggjer at vi kan støtte opp under innovasjonsarbeidet i heile fylket.
- Kople kunnskap. Våre sterke nettverk, mellom anna klyngeprosjekta, har unike mulegheiter til å kople saman fagområder og kunnskap for å legge til rette for innovasjon.
- Kople næringsliv, akademia og kommunane. Det ligg mulegheiter i å kople saman næringslivet, akademia og kommunane for å løyse behov i kommunal sektor.
- Bærekraft. Sterkare miljøkrav, saman med næringslivet si evne til omstilling, kan gi store mulegheiter for innovasjon og verdiskaping for næringslivet i Møre og Romsdal.
- Digitalisering. Digitalisering gir moglegheiter for innovasjon og utvikling. Digitalisering mulegjer betre kundeinnsikt, meir effektiv produksjon og nye måtar å drive forretningsutvikling på.
- Meir ferdigvareindustri. Møre og Romsdal, og Noreg, har stort innslag av råvarebasert industri. Det er potensial for meir ferdigvareindustri, mellom anna basert på dei råvarebaserte næringane.
- Entreprenørskap. Vi kan bygge vidare på entreprenørskapssystemet, mellom anna gjennom på ein betre måte kople privat og offentleg kapital til gründerverksemdar og vekstselskap.
- Kapasitet i forskingsmiljø. Vi har sterke næringar med nasjonale og internasjonale posisjonar. Vi må arbeide for å styrke kapasiteten i forskingsmiljø knytt til område der Møre og Romsdal har næringsmessige fortrinn.

## Fagnotat til gruppearbeid på workshop om Regional planlegging 14.13.19

### Tema: SAMARBEID OM Å NÅ FELLES MÅL

<b>Tema: Samarbeid om å nå felles mål</b>	
<b>1: Samarbeid mellom ulike delar av fylket</b>	
<b>2: Samarbeid over kommunegrensar</b>	
<b>3: Samarbeid mellom offentlege aktørar i Møre og Romsdal</b>	
<b>4: Samarbeid mellom Fol-institusjonar, næringsliv og offentlege etatar</b>	
<b>5: Internasjonalt samarbeid</b>	
<b>Status</b> innanfor temaet i Møre og Romsdal:	
1:	<ul style="list-style-type: none"><li>• Endringar i statlege etatar sin struktur skapar jamleg strid mellom ulike delar av fylket, med sjukehussaka som den kanskje vanskelegaste</li><li>• Krevjande å få til felles prioriteringar – kjent som «kranglefylke»?</li></ul>
2:	<ul style="list-style-type: none"><li>• Kommunane er i stadig større grad påverka av kva som skjer i nabokommunane, samt at utviklinga i eigen kommunen og påverkar utviklinga i nabokommunane. Det er den samla utviklinga i «kvardagsregionen» som bestemmer regionen sin attraktivitet og vekstkraft</li><li>• Kommunekartet i Møre og Romsdal vil frå 2020 bli enno meir sprikande – med den største kommunen på nær 70.000 og den minst på rett over 2 000 innbyggjarar. Vi vil framleis ha 8 kommunar under 5.000 innbyggjarar i fylket</li></ul>
3:	<ul style="list-style-type: none"><li>• Dei største samfunnsutfordringane er samansette og sektorovergripande, mens statlege etatar er fragmenterte og spesialiserte. Statlege etatar sin regionale struktur er berre delvis samanfallande med fylkesinndelinga – ca 30 statlege etatar har eit regionalt ansvar for Møre og Romsdal.</li><li>• Både statlege regionale aktørar, fylkesmannen, fylkeskommunen og kommunane får sterke føringar om samordning av arbeidet på det regionale nivået</li></ul>
4:	<ul style="list-style-type: none"><li>• Møre og Romsdal har sterke nettverk, både i verdikjeder og mellom bedrifter frå ulike næringar. Spesielt i næringsklyngene er det tette koplingar mellom næringsliv, academia og støttesystem, her har klyngeprosjekta ein sentral rolle.</li><li>• Campusane i Volda, Ålesund, Molde og Kristiansund har ei viktig rolle i å kople kunnskap og aktørar på tvers av næringsliv, bedrifter og offentleg sektor.</li></ul>
5:	<ul style="list-style-type: none"><li>• Nærings-, utdannings- og forskingsmiljø og offentleg sektor i fylket kan saman med europeiske partnarar delta i EU-støtta samarbeidsprosjekt for å hente ny kunnskap og utvikle nye og innovative løysingar. Programma for forskning- og innovasjon og utdanning- og opplæring er størst. Aktørane i fylket har noko erfaring med EU-prosjekt, men det er ei aukande interesse for deltaking i europeisk samarbeid for å styrke innovasjons- og konkurranseevna i fylket.</li></ul>
<b>Kunnskap</b> om temaet – stikkord, tal og kjelder:	
1:	<ul style="list-style-type: none"><li>• Fleire leiarar i dei regionale statsetatane peiker på fogderistrid og omkampar som kjenneteikn ved regionen (Møreforskning notat 2018-10-18)</li><li>• Politikarar på Mørebenken og fylkestinget trekk fram interne stridigheiter i fylket som ein av de største utfordringane for Møre og Romsdal (Nyttårskonferansen 2019, sjå streaming <a href="#">her</a>)</li></ul>
2:	<ul style="list-style-type: none"><li>• Om lag 4 000 elevar i den vidaregåande skulen i fylket går på skule i ein anna kommune enn den dei bur i. Nesten 40 000 arbeidstakarar bur i ein anna kommune enn der arbeidsplassen deira er. Frå kartleggingar veit vi at det er tusenvis som nyttar seg av kultur-, handels- og tenestetilbod i andre kommunar i fylket enn den dei bur i. For dei aller flest av oss er det og slik at nokre av dei kommunale tenestetilboda vi nyttar oss av er levert av ein annan kommune eller eit interkommunalt selskap (Fylkesstatistikk 2018).</li></ul>
3:	<ul style="list-style-type: none"><li>• Prosjektet Møre og Romsdal mot 2025 har kartlagt status for regionalt samarbeid i 2018. Møreforskning (2018) teiknar eit positivt bilde av samarbeidet i regionen, men at det er klare forbetringpunkt.</li><li>• Difi si kartlegging «Samhandling mellom regional stat og fylkeskommunen» (Difi-notat 2018:1)</li></ul>

5:

- Det norske bidraget for å kunne delta i dei mest relevante EU-programma for perioden 2021-2027 vil ifølge uoffisielle berekningar ligge på rundt 4,5 mrd. euro. Størst er programmet for forskning- og innovasjon Horisont Europa, med eit foreslått budsjett for perioden på 94 mrd. euro. Norsk deltaking inneber at store delar av dei norske virkemidlane berre vil vere tilgjengelege gjennom EU-programma.

**Utfordringar framover i eit perspektiv fram mot 2030:**

1:

- Trykket frå dei globale megatrendane treff Møre og Romsdal med full styrke. Sentralisering/urbanisering, klimaendringar, aldrande befolkning, digitalisering og endringar i verdas økonomiske tyngkraft gjer behovet for samarbeid enno større.
- Dei ulike delane av fylket har ulik vekst i befolkning og sysselsetting, dette gir ulik grunngeving for regionale og statlege ressursar. Det er behov for felles forståing av utfordringsbildet
- Innbyggjarar, media og lokalpolitikarar er mest opptatt av sitt nære omland – ikkje kva som er best for fylket. Den rolla må fylkespolitikarane ta

2:

- Integrasjonen over kommunegrensene, som vi gjerne kallar «kvardagsregionen», blir stadig meir omfattande og blir påverka av vår auka mobilitet i kvardagen. Det ein kommune gjer vil derfor i aukande grad ha konsekvensar for innbyggjarar i andre kommunar. Dette gjer det nødvendig å delta i kvarandre sin planprosessar

3:

- Frå 2020 blir Møre og Romsdal den tredje minste fylkeskommunen. Skal vi hevde oss i den nasjonale konkurransen må ressursar og verkemiddel samordnast for å få mest mogleg ut av innsatsen i offentleg sektor
- For fylkeskommunen er samarbeid med kommunane om læreplassar, særleg i oppvekst- og helsefaga ei av hovudutfordringane

4:

- Møre og Romsdal må sameine krefter for å nå opp i den nasjonale og internasjonale konkurransen om arbeidsplassar, kompetanse og kapital.

5:

- Korleis forskings-, utdannings- og næringsmiljø og offentleg sektor kan arbeide saman for å posisjonere seg til å i større grad kunne konkurrere om midlane i EU-programma.

**Moglegheiter framover i eit perspektiv fram mot 2030:**

1:

- Gjennom meir systematisk samarbeid kan vi bygge kunnskap, tillit og respekt for kvarandre sine ulikeheiter – slik som er gjort i prosjektet Byen som regional motor
- Fylkeskommunen sin strategi for lokalisering av statlege arbeidsplassar dreg opp felles «køyrereglar» - desse må gjerast kjent og akseptert
- Kommunar og politikarar kan lære av næringsklyngene våre verdien av å styrke naboen

2:

- Eit auka regionalt fokus i arbeidet med kommunale planar vil styrke den kommunale planlegginga. Dette vil kunne gi betre bruk av ressursane i den enkelte bu- og arbeidsmarknadsregion og auke attraktiviteten til regionen

3:

- Betre samordning, samarbeid og heilskapleg tenking i offentleg sektor. Utvikle samarbeid og regionale fellessatsingar som styrker Møre og Romsdal.

4:

- Det er potensial for betre kopling mellom næringsliv, offentlig sektor og FoU-miljø for å løyse utfordringar i offentleg sektor og gi grunnlag for næringsutvikling.
- Kopling mellom offentleg sektor, næringslivet og akademia for å løyse dei store samfunnsutfordringane vert tydelegare trekt fram som eit satsingsområde både på internasjonalt og nasjonalt hald.

5:

- Bygge nettverk og kapasitet i forskings-, utdannings- og næringsmiljø og offentleg sektor for å stå sterkare i konkurransen om EU-midlar.

Fagnotat til gruppearbeid på workshop om Regional planlegging 14.03.19  
Tema: KLIMATILPASSING

<p><b>Tema: Klimatilpassing</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>❖ Arealplanlegging</li><li>❖ Naturbaserte og teknologiske løysingar</li><li>❖ Materialbruk</li><li>❖ Beredskap m.m.</li></ul>
<p><b>Status innanfor temaet i Møre og Romsdal:</b> <i>Kjelde: Klimaprofil Møre og Romsdal</i></p> <ul style="list-style-type: none"><li>❖ Fram mot 2100 vil temperaturen i fylket auke med 4 grader C, og årsnedbøren aukar med ca. 15 %</li></ul>
<p><b>Kunnskap om temaet</b> <i>Kjelde: Klimaprofil Møre og Romsdal</i></p> <p><b>Sannsynleg auke:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>❖ Vesentleg auke i periodar med kraftig nedbør både i intensitet og førekomst</li><li>❖ Fleire og større regnflaumar</li><li>❖ Auka fare for jord-, flaum og sørpeskred som følgje av auka nedbør</li><li>❖ Auke i stormflod, som følgje av havnivåstiging</li></ul> <p><b>Mogleg sannsynleg auke:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>❖ Trass meir nedbør, kan høgare temperaturar og auka fordamping auke faren for tørke</li><li>❖ Hyppigare periodar med isgang samt isgang høgare opp i vassdraga</li><li>❖ Auka fare for våtsnøskred, og redusert fare for tørrsnøskred</li><li>❖ Større og hyppigare flaumar kan auke erosjonen langs vassdraga, kan føre til auka fare for kvikkleireskred</li></ul>
<p><b>Utfordringar framover i eit perspektiv fram mot 2030:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>❖ Områder som i dag blir rekna som trygge kan i framtida vere utsett for fare</li><li>❖ Store deler av Møre og Romsdal ligg innfør potensial fare (skred, flaum og/eller havnivåstiging)</li><li>❖ Store utbygde områdar ligg innfør potensiell fare og kartlagt fare med høgare risiko enn kva ein i dag tillèt ved utbygging av nye tiltak</li><li>❖ Kva kan ein gjere med dei områda som alt er utbygd? Korleis kan ein førebu dei på eit endra klima?</li></ul>
<p><b>Moglegheiter framover i eit perspektiv fram mot 2030:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>❖ Regional plan for klimatilpassing (døme; Rogaland fylkeskommune)</li></ul> <p>Omsyn til dei utfordringane ein veit om Arbeide tverrsektorielt Nytte utviklingsarbeid som t.d. tettstads programma til transformasjon mot tryggare samfunn (her finnast det moglegheiter og verkemiddel)</p> <p>Statistikk på ekstremhendingar, finnast hos MET.</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Storm</li><li>• Ekstreme nedbørepisoder? Eksempel Utvik?</li><li>• Flom</li></ul>